

Strategisk næringsplan

For Sykkylven Kommune



Fokus på utfordringar og muligheter

Strategisk næringsplan

For Sykkylven Kommune

Innhold:

1. Hensikt og mål med næringsplanen
2. Prosess
3. Situasjonsanalyse
4. Visjon
5. Ambisjon
6. Samarbeid
7. Satsingsområder, strategiar og handlingar
8. Oppfølging, gjennomføring og evaluering
9. Tiltak

1.Hensikt og mål

Næringsplanen for Sykkylven kommune skal bidra til å sette fokus på tilhøve som skaper auka aktivitet innanfor samarbeid, innovasjonstenking og næringsutvikling.

Sykkylven er Norges Møbelhovedstad og eksponenten av ei rekke kjende merkevarer utvikla i tett samarbeid med eit omfattande leverandørnett med ulike kompetanse.

Sykkylven kommune er innforstått med at sjølv om vi har eit kvalitativt og velfungerende næringsliv så er kommunen sårbar, og søker derfor nye bransjar for å styrke og sikre stabil aktivitet.

Næringsplanen skal derfor bidra til at vi fokuserer på desse forholda, som næringslivet sjølve meiner kan bidra til større aktivitet på kort og lang sikt. Samtidig skal næringsplanen bidra til å styrke Sykkylven sitt omdømme som eit attraktivt arbeids- og busettingsområde.

Oppsummering hensikt:

- A. **Forståelse:** Skape eit «bilde» av dei utfordringane som næringslivet står overfor, for å oppnå ei felles oppfatning mellom politikarar, kommuneadministrasjon og næringsliv.
- B. **Betingelsar:** Synleggjere kva rammebetingelsar Sykkylven kommune kan legge til rette for ei utvikling som bidreg til forutsigbarheit og auka aktivitet for framtidig stabil næringsutvikling i kommunen gjennom SNU.
- C. **Retningslinjer:** Vedta retningslinjer for eit velfungerende samarbeid mellom næringsliv og kommunale tenesteleverandørar i det daglege gjennom kjennskap, dialog og informasjon.

2. Prosess

Planen er utarbeida av Sykkylven Næringsutvikling AS.

Følgjande har gitt innspel, og vore høyringspartar i prosessen

Sykkylven kommune /NU

Sykkylven Industri og Næringslag

Sykkylven Handelsforening

Sykkylven Bondelag og Sykkylven Bonde og Småbrukarlag

Sykkylven Videregående Skule

Fylkeskommunen/Næringsavdelinga

Grunnlagsdata for planarbeidet har vore:

Bedriftsundersøkelse av 2013

Bedriftsundersøkelse av 2015

NHO Nærings NM 2010 – 2015

Sykkylven KOSTRA august 2016

Dybdeintervju av utflytta Sykkylvingar hausten 2017

Samfunnsplanen 2011-2025

Landbruksplan 2017

Implementering:

Næringsplanen skal gjerast kjendt i Sykkylven Kommunestyre, i Sykkylven Handelsforening sine medlemsmøter og styre, i Sykkylven Industri og Næringslag sine medlemsmøter og styre og i styret i Sykkylven Næringsutvikling AS

Gjennomføring innan 2018. Ansvar: Sykkylven Næringsutvikling AS

Kommentarer:

Næringsplanen er eit dokument som fordrer samarbeid, åpenheit og tilslutning frå alle berørte parter.

Forhold som ein ser burde bli ivaretatt eller endra skal difor leggjast fram for dei partar som har bidrege til denne planen.

Ansvar: Sykkylven Næringsutvikling AS

3.Situasjonsanalyse - innad i kommunen

Synliggjere styrker og svakheiter i Sykkylven, som har innvirknad på næringsutvikling, etablering, innovasjonsutvikling og som kan bidra til tettare og betre samarbeid og positiv utvikling

Styrker

- Internasjonalt designmiljø
- Internasjonale selskap med merkevarer innan t.d. møbel
- Norges største møbel «klynge»
- Norsk Møbelfaglig Senter
- Nettverk av leverandørar med variert kompetanse
- Kompakt handelssentrum med gode, varierte tilbud og tenester
- Operativt næringsutviklingsselskap som arbeider for næringslivet og nyetablerarar
- Hoppid kontor for nyetablerarar
- Godt lokalt kulturtilbud innan musikk, song og idrett
- Gode velutvikla fritidstilbud for både sommar- og vinter aktivitetar
- Nye fagtilbud inn Møbelkraft og teknologiutvikling.
- Sykkylven Videregående Skule

Svakheiter

- Manglande attraksjonsverdi grunna lite kjennskap og omdømme
- Manglande hotell med kurs og selskapsfasilitetar.
- Lite entreprenørskap og tilflytting av bedrifter
- Sårbar næringsstruktur
- Liten tilgang på kapital
- Få arbeidsplasser til personer med akademisk utdanning
- Turisme som næring har lav verdiskaping
- Samarbeid mellom kommune og næringsliv kan betrast gjennom SNU
- Ulike oppfatningar om kva som skal til for å skape vekst og utvikling
- Få tilbud til uorganisert ungdom
- Industriarealer, byggeklare sentrumsnære tomter manglar

3.Situasjonsanalyse – utanfor Sykkylven


Muligheter og truslar i omgivelsene, som har innvirkning på næringsutvikling, attraktivitet som bokommune og tiltrekning av kompetanse tilflyt

Muligheter

- Auke samarbeid med andre næringsklynger og høskulelemiljø som t.d. NTNU /NCE/SVGS
- Auka fokus på næringsutvikling og samarbeid
- Etablere reiseliv som fullverdig næring og inngå regionalt samarbeid
- Sterk involvering for tunell Hole – Engeset
- Sterk involvering for utbetring av fylkesvei 60
- Kontinuerlig fokus på forbedring av kommunikasjonar, ferge og prosjekt fjordkryssing

Truslar

- Manglande posisjon i sterk regional konkurranse
- Globalisering og utflagging av produksjon og kompetanse
- Regionens omdømme
- Handelslekkasje til MOA
- Manglande sentrale støtteordningar og varierende arbeidsgiveravgift
- Konjunktur svingningar innanfor samarbeidene næringer som td. offshore
- Manglande samarbeid og erfaringsutveksling i regionen
- Uavklart kommunestruktur og framtidig posisjon i regionen



4.Visjon

«Bidra til skaparglede og nye arbeidsplasser og faemstå som ein av Møre og Romsdal mest attraktive kommunar å bo -og drive næringsvirksomheit i»

5.Ambisjonar

Sykkylven Kommune skal inneha ei aktiv rolle i samarbeid med næringsliv, handel og i leveransar av kommunale tenester, som fremjar etableringslyst, næringsutvikling og bolyst i kommunen

6.Samarbeid

Sykkylven Kommune skal gjennom Sykkylven Næringsutvikling AS legge til rette for næringsutvikling og dialog med næringslivet som skapar auka innovasjon og utvikling.

7.Satsingsområder

Tenester og arbeidsmåte:

1. Tilflytting og bulyst
2. Bistand og rådgiving i prosess med næringslivet
3. Infrastruktur og velfungerande kommunikasjonar
4. Regionalt samarbeid og omdømme


Bidra til skaparglede og nye arbeidsplassar og framstå som ein av Møre og Romsdal mest attraktive kommuner å bo og drive næringsvirksomheit i



7-1 Satsingsområder, strategiar og handlingar



Tilflytting og bulyst (ref. Samfunnsplanen 2011- 2025)



Strategi

- Etablere Sykkylven som ei attraktivt bustadskommune i folks bevisstheit
- Legge til rette for attraktive bumuligheter
- Skape og gjere kjent at Sykkylven har etablert ei tilflyttarordning
- Lage gode rutiner for at Sykkylven framstår som ein god vertskommune for etablering
- Bygge innhald i og vidareutvikle begrepet Skaparglede
- Posisjonere Sykkylven med bystatus
- Sørge for eit godt skule og barnehagetilbud

Handlingar

1. Etablere og gjennomføre ei ny bulystkampanje
2. Legge til rette for attraktive bustadområder i kommunens arealplanar
3. Etablere ei tilflytterordning med utvalgte goder ved å busette seg i Sykkylven
4. Iverksette tiltak i samarbeid med Handelsforeninga som styrker sentrum som eit attraktivt handelssentrum
5. Markedsføre Sykkylven som ein kommune som ynskjer busetting og nyetablering
6. Bidra til innhald over ønskt utnyttelse av godsterminaltomta som gagnar Sykkylven aller best

7-2 Satsingsområder, strategi og handlingar

Bistand og rådgiving i prosess med næringslivet



Strategi


- *Stimulere til knoppskyting og innovasjonsutvikling gjennom gode tilrettelagte samarbeidsrutiner*
- *Stimulere til nyetableringar Bidra til gode samarbeidsrutiner mellom Sykkylven Videregående Skule, kommunen og næringslivet*
- *Sørge for å inneha kompetanse på område som næringslivet etterspør og som styrker næringsutviklinga i kommunen totalt sett*
- *Skape en «VI» kultur i Sykkylven*
- *Befeste Sykkylven som ei nasjonal sterk møbelklynge*

Handlinger

1. *Gjere kjent overfor handel, næringsliv og nyetablerarar korleis rutinene er og kva som er viktige milepæler i prosess med kommunen*
2. *Videreutvikle plan og satsing for lærlingeordning i samarbeid med kommune, skule og næring*
3. *Styrke kontaktpunktet mellom kommunale tenester og næringslivet med kompetanse og kapasitet gjennom SNU*
4. *Etablere eit næringsforum med deltakarar frå kommunale tenesteleverandører og representantar frå næringslivet som møtast 2 til 4 gonger i året*
5. *Vurdere dagens organisering av Sykkylven Næringsutvikling opp imot Sykkylven Kommune, Industrilaget, og Handelsforeninga for maksimal ressursutnyttelse og forbetra tilbud til næringslivet*

7-3 Satsingsområder, strategi og handlinger

Infrastruktur og velfungerande kommunikasjonar



Strategi

- *Arbeide for at næringslivets behov blir ivaretatt i arbeidet med fergekapasitet, tunell Hole-Engeset og kryssing av Storfjorden*
- *Arbeide for at næringslivet får eit optimalt overnatting og bevertningstilbud*
- *Bidra til at Møbelfaglig Senter oppnår ein nasjonal standard og ei attraktiv beliggenheit*
- *Tilkjennegi et bevist standpunkt om kvar trasen E39 bør gå mot Molde og vidare opprustning av Fylkesvei 60 - Designvegen*

Handlinger

1. *Ta ei aktiv rolle med å utvikle arealplan over tunell Hole-Engeset og vidare opprustning av Fylkesvei 60*
2. *Legge til rette for at Sykkylven får eit nasjonalt senter for møbelhistorie og kompetansebygging*
3. *Halde seg orientert om Fylkeskommunens verdiskapingsprogram og betingelsar for å oppretthalde ein maksimal fergeforbindelse over Storfjorden til ei kvar tid*
4. *Finne ut av muligheita vedr. hurtigbåt forbindelse mellom Sykkylven og Ålesund*

7-4 Satsingsområder, strategi og handlinger

Regionalt samarbeid og omdømme



Strategi

- *Involvere seg aktivt i arbeidet med å gjere Sykkylven attraktiv innanfor næringsetablering*
- *Bidra til at Sykkylven er aktiv i fora som setter regionen som buplass på dagsorden*
- *Finne og gjere kjent forhold som vert etterspurt av næringslivet ved etablering*
- *Fokusere på kjente forhold som vert etterspurt ved tilflytting*
- *Sykkylven bør til ei kvar tid ha eit anerkjent sterkt miljø innanfor Vidaregåande Skule*

Handlinger

1. *Utvikle gode, fleksible rutiner for etablering og næringsutvikling i kommunen*
2. *Jobbe for å komme med i styrer og fora som har regionsutvikling på dagsorden*
3. *Utvikle strategi og handlinger som beskriver kva posisjon vi ynskjer at Sykkylven skal ha i regionen- Sunnmøre*
4. *Jobbe tett med Vidaregåande Skule og bidra til utvikling og berettigelse*

8.Oppfølging, gjennomføring og evaluering

Politisk handsaming i kommunestyret 2018

Ansvar for gjennomføring av handlinger og tiltak:

Sykkylven Næringsutvikling AS

Endringer av strategier og handlinger:

Næringsplanen evalueres fortløpande og endringer skal innarbeidast kvart andre år.

Fyrste endra plan skal foreligge ferdig endra 1.1. 2020

Ansvar: Sykkylven Næringsutvikling

9. Tiltak

Budsjett pr tiltak:

Det skal utarbeidast budsjett på kvart enkelt tiltak. Finansiering vert å dekke gjennom kommunale tilskotsordningar, Fylkeskommunale støtteordningar og sponsorbidrag fra næringslivet. Ansvar: Sykkylven Næringsutvikling AS

Kommunale tiltak, eller tiltak med kommunal delfinansiering, må vurderast opp mot annan kommunal aktivitet i samband med Sykkylven Kommune sitt årlege budsjettarbeid.

Kanalvalg:

Det skal utarbeidast ein plan, over kva kanaler som er best egna for å nå målgruppene og for best måloppnåelse i forhold til tiltak og budsjett.

Ansvar: Sykkylven Næringsutvikling AS

9-1 Tilflytting og bulyst.

Tiltak i uprioritert rekkefylgje som er viktige:

1. **Boligtomter:** Finne, utvikle og markedsføre attraktive boligtomter i samarbeid med grunneigarar og utbyggjarar.
Ansvar og finansiering: Sykkylven Kommune.
2. **Tilflytterkampanje/ bu i Sykkylven:** Tilflytterkampanje i sosiale mediekkanaler der vi tilbyr tilflytter fordeler ved å busette seg i Sykkylven. Tilbud som for eksempel gratis fiske i Lakseelvane våre i eit år, gratis deltagelse på hjortejakt o.l. Tilskot til flyttekostnader ved busetting.
Ansvar og finansiering: Samarbeid mellom Sykkylven Kommune, SNU, SINL, HF og andre

3. «**Bu i Sykkylven, men jobb gjerne i Ålesund, eller på Stranda**»

Kampanje i medier som kjem ut i vår region, som SMP, Face Book andre sosiale kanaler.

Ansvar Sykkylven Næringsutvikling. Finansiering: Sykkylven

Næringsutvikling, sponsorar og næringslivet i samarbeid.

9-2 Tenester og arbeidsmåte.

Tiltak:

1. **Etablering av næringsforum.** Temakvelder med faglig innslag, innan eksempelvis utvikling, trendar, teknologi og handelsutvikling. 3 til 4 samlinger i året.

Ansvar og finansiering: Sykkylven Næringsutvikling, Industrilaget og andre.

2. **Vidareutvikling av rutiner for sakshandsaming i kommunale tenester.**

Kommunale tenester er i stor grad regelstyrte.

Informasjon om lover, reglar og rutiner er viktig for å skape felles forståing for mulig handlingsrom. Oppfølging av kommunen sine brukarundersøkingar og utvikling av kommunal målstyring (styringskort) for best mogleg tenestekvalitet er viktig.

Ansvar og finansiering: Sykkylven Kommune.

9-3 Bistand og rådgiving.

Tiltak:

1. **Beskrivelse og videreutvikling av kommunale tenester, og tenester kanalisert gjennom Sykkylven Næringsutvikling, som påvirker næringslivet og nyetablerarar**

Presentasjon og dialog næringslivet, både eksisterande og dei som ynskjer å etablere seg i Sykkylven.

Ansvar og finansiering: Samarbeid mellom Sykkylven Næringsutvikling og Sykkylven Kommune.

2. **Slik etablerer du bedrift i Sykkylven.** Utvikling av ein brukarmanual som viser oversikt over næringsarealer, ledige leigeareal, oppstarts hjelp, viktige kontakter, søknader og kontakter i Sykkylven, slik lager du søknader og andre muligheiter.

Ansvar og finansiering: Sykkylven Næringsutvikling

9-4 Infrastruktur og velfungerende kommunikasjoner.

Tiltak:

1. **Ferdigstilling av arealplan for tunell Hole/ Engeset.**

Ansvar og finansiering: Sykkylven Kommune.

2. **Slik ynskjer Sykkylven Kommune å jobbe overfor politiske, eksterne miljø og Fylkeskommunen.**

Plan for korleis vi skal samhandle og fokusere for å oppnå resultat innanfor områder vi har beslutta vil styrke Sykkylven i ulike samanhengar, og som skal være eit overordna dokument til bruk for våre folkevalgte og kommuneadministrasjonen.

Ansvar og finansiering: Sykkylven Kommune.

9-5 Regionalt samarbeid og omdømme.

Tiltak:

1. Posisjonering og markedsføring av Sykkylven som jobb- og bustadkommune i Sunnmørsregionen.

Kva skal Sykkylven vere for dei som skal bo eller arbeide her ?

Utvikling av ide, posisjoneringsbeskrivelse og kampanje.

Ansvar og finansiering: Samarbeid mellom offentlege instansar.

Sykkylven Industri og Næringslag. Sykkylven Handelsforening.

Sykkylven Næringsutvikling. Sykkylven Kommune og andre.



Overordna føresetnadar for gjennomføring av næringsplanenens skisserte handlingar og ansvaret SNU har for gjennomføringa av dei ulike handlingane:

Næringsplanen er utarbeida i dialog med eigarane Sykkylven Kommune og Sykkylven Industri og Næringslag.

Planen har vore ute på høyring og kommentarane er innarbeidde i planen.

For å sikre drift og gjennomføring av handlingar og tiltak som er skisserte i næringsplanen, er det ein føresetnad tilskot til Sykkylven Næringsutvikling AS frå eigarane Sykkylven Kommune og Sykkylven Industri og Næringslag vert oppretthaldne i åra som kjem.

Sykkylven Næringsutvikling AS